

# Talepunkter, Isbading mot klimaendringer

**Utslippskutt: det hastar å få til utsleppskutt. SV vil kutte utsleppa med minst 60 %. Vi veit det er mogleg, det som står att er handlekraftige politikarar som tar klimakrisa på alvor!**

- Vi vil sikre eit oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja. Vi vil heller ikkje ha oljeverksemd i Møreblökkene, iskanten, polarfronten og dei delane av norsk sokkel som ikkje er opna. SV vil at olje og gass skal bli liggande, og går mot nye oljeutbyggingar og nytt areal til leiting etter olje og gass.
- Prioritere kollektivtrafikk, sykkel og gange framfor motorveggar inn mot byane.
- Utbygging av lyntog, og Nord-Noreg-banen framfor utviding av flyplassar ved dei store byane. Vi seier nei til ei tredje rullebane på Gardermoen.
- Innan 2021 skal 9 av 10 nye bilar som blir selt vere nullutslepps-bilar.
- Utnytte potensialet for energi-effektivisering i industri, næringsbygg, offentlege bygg og hushald.
- Kutte utslepp frå industrien med ny teknologi, og sette fullt i gang med pilotprosjekta på fangst og lagring av CO<sub>2</sub>. Fase ut all bruken av fossil energi i industrien.
- Ha forbod mot bruk av olje og gass til oppvarming av bygg og i fjernvarmeanlegg.
- At oljefondet trekk seg ut av investeringar i fossil energi.
- SV har utarbeidd ein forpliktande plan for å kutte norske utslepp med 5 millionar tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter denne stortingsperioden. Det kommer vi til å utvikle vidare fram mot ein ny stortingsperiode.
- Trappe opp satsing til Noreg på bevaring av regnskog og fornybar energiutbygging i fattige land.
- SV har tatt til orde for eit nytt klimaforlik. Skal måla for 2030 nås, trengs det raske tiltak nå.

**Olje: Skal vi nå 1,5-gradersmålet, må olja bli liggande i dei mest sårbare og verdifulle havområda, t.d. iskanten.**

- Noreg skal la olje og gass bli liggande, til beste for klima og i respekt for komande generasjonar. SV går mot nye oljeutbyggingar, og mot å la oljeindustrien få nye areal der dei kan leite etter olje og gass.
- Vi vil sørge for at sårbare og verdifulle område som Lofoten, Vesterålen, Senja, Møreblökkene, iskanten, polarfronten og uopna deler på norsk sokkel framleis blir utan petroleumsverksemd.
- Noreg skal bli fritt for fossile utslepp innan 2040.
- Bruke eigarmakta til staten i Equinor. Styrke forskning og innovasjonsmidlar med mål om å gradvis fase ut oljeproduksjon. Selskapet skal ikkje investere i tjæresand.
- Trekke Statens pensjonsfond utland ut av alle investeringar i fossil energi.

## Grøn ny deal: SV vil byggje nye grønne, næringer vi kan leve av i framtida!

- Gjenreise den aktive næringspolitikken. SV vil gjenreise den aktive statlege eigarskapen, og bruke statens eigarmakt til å utvikle ny industri, nye arbeidsplassar og løyse klimaproblema.
- Utarbeide ein nasjonal strategi for grøn industriutvikling med eigne program og næringsssatsingar i sektorar der Norge har gode føresetnader for å lukkast. Kompetanse fra olje- og gassindustrien kan bidra til å utvikle nye områder.
- Satse på grøn reindustrialisering, gjennom etablering av eit testsenter for fornybar offshore energi og regionale pilottestsentre for industrialisering av ny teknologi.
- Skape nye marknader. Med ein aktiv grøn innkjøpspolitikk, teknologidrivande støtteordningar og strenge krav til deponering av avfall, skal norsk miljøvenleg teknologi videreutviklast til eksportnæringer.
- Ha ein etter- og videreutdanningsreform der arbeidstakarane får rettar til betalt permisjon for etter- og videreutdanning.